

# VEDTEKTER FOR DNT Sogn og Fjordane Vedteke 14.03.2026

## § 1 FØREMÅL OG ORGANISASJON

### § 1.1 Føremål

DNT Sogn og Fjordane skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv, for sikring av allemannsretten og friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

### § 1.2 Organisasjon

DNT Sogn og Fjordane er ein ideell foreining tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) gjennom ein medlemskapsavtale med DNT sentralt.

DNT Sogn og Fjordane kan opprette lokallag i delar av foreininga sitt medlemsområde i samsvar med medlemskapsavtalen. Lokallaga er ein integrert del av DNT Sogn og Fjordane. Verksemda i lokallaga skal skje i samsvar med DNT Sogn og Fjordane sine vedtekter. Aktivitetane skal til ei kvar tid vere innanfor ramma av DNT Sogn og Fjordane sine strategiar, og vere i tråd med retningslinjer og føringar frå DNT Sogn og Fjordane. Lokallaga blir representerte i DNT gjennom DNT Sogn og Fjordane.

### § 1.3 Medlemskap

Medlemskap i lokallaga til DNT Sogn og Fjordane er ope for alle enkeltpersonar som ønskjer å bli medlem. Medlemmar av foreininga er alle som har betalt kontingent til DNT, inntil utmelding skjer eller medlemmen blir stroke som følgje av manglande kontingentinnbetaling.

Medlemmene har forslags- og stemmerett på sitt lokale årsmøte og blir representert av to representantar frå lokallaget på medlemsforeningens årsmøte. Medlemmer kan veljast til alle tillitsverv i alle ledd frå det året dei fyller 15 år.

Medlemmar i lokallag knytt til DNT Sogn og Fjordane er òg medlem i DNT Sogn og Fjordane.

Alle medlemmar er medlem av DNT og har medlemsrettar ved besøk på alle medlemsforeiningar sine hytter og ved deltaking på turar, kurs og andre tilbod.

## § 2 ÅRSMØTET

### § 2.1 Høgaste myndigheit

Årsmøtet er DNT Sogn og Fjordane øvste organ.

### § 2.2 Deltaking og stemmerett

Medlemmar har rett til årsmøtet gjennom å bli vald som utsending frå sitt lokallag. Kvart lokallag har to stemmer. Ingen har meir enn ei stemme, og stemmegjeving kan ikkje skje ved fullmakt. Vedtak blir fatta

med fleirtal av dei gjevne stemmene.

## § 2.3 Innkalling

Ordinært årsmøte blir halde innan utgangen av mars kvart år.

Innkallinga blir offentleggjort eller sendt direkte ut til medlemmane, med 1 månads varsel.

## § 2.4 Fristar

Forslag som skal behandlast på årsmøtet må vere sendt styret seinast 2 månadar før årsmøtedato.

Styret gjer tilgjengeleg fullstendig saksliste og andre naudsynte saksdokument med forslag og valkomiteen si innstilling til lokallaga 2 veker før årsmøtet.

## § 2.5 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal handsame:

- a. Val av dirigent, protokollførar og to representantar til å underskrive protokollen
- b. Godkjenning av innkallinga
- c. Godkjenning av sakslista
- d. Godkjenning av årsrapport med styret si melding og rekneskap for førre år, samt godkjenne budsjett og handlingsplan
- e. Forslag som styret legg fram eller som i samsvar med § 2.4 er meldt inn av eit medlem av foreininga
- f. Val av leiar og medlemmar til styret
- g. Val av leiar og medlemmar til valkomiteen
- h. Val av utval
- i. Val av revisor

## § 2.6 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte blir kalla inn av styret med minst 1 månads varsel etter:

- a. Vedtak av årsmøtet
- b. Vedtak av styret
- c. Krav frå minst 10 prosent stemmeberettiga lokallag

Ekstraordinært årsmøte kan berre behandle dei sakene som er nemnde i vedtaket eller i kravet om innkalling. Møteinnkalling og vedtak skjer etter same reglar som for ordinære årsmøte.

## § 3 STYRET

### § 3.1 Styret si myndigheit og oppgåver

Styret er DNT Sogn og Fjordane sitt høgaste organ mellom årsmøta. Styret vel ein nestleiar blant sine medlemmar.

Styret skal sørgje for forsvarleg organisering av verksemda i foreininga, halde seg orientert om den økonomiske stoda og sjå til at verksemda, rekneskap og formuesforvaltning er under betryggande kontroll.

Styret tilset organisasjonssekretær og fastset arbeidsvilkåra for denne. Styret tek alle avgjerder som ikkje blir fatta av årsmøtet.

### § 3.2 Samansetjing og val av styret

Styret har 5 medlemmar. Det er 3 varamedlemmar til styret.

Dei årsmøtevalde medlemmane av styret blir valde for 2 år om gongen. Leiar 1 år om gongen. Eit styremedlem kan likevel innstillast som leiarkandidat eller leiaren kan innstillast til attval som leiar, slik at

funksjonstida som leiar kan verte inntil seks år. Dette kjem i tillegg til leiaren eventuelle tidlegare funksjonstid som vanleg styremedlem. Unntak frå reglane i første og andre ledd kan gjerast når valnemnda finn at omsynet til foreininga sitt behov, vedkommande styremedlem sine kvalifikasjonar eller innsats i styrearbeidet talar for at vedkommande bør tenestegjere i meir enn seks år.

### § 3.3 Styret sitt arbeid

Styret blir kalla inn av leiaren så ofte behovet tilseier, eller når minst 10 prosent av styremedlemmane krev det. Styret kan fatte vedtak når eit fleirtal av medlemmane deltek. Ved stemmelikskap er leiaren si stemme avgjerande.

Innkalling til og referat frå styremøte er tilgjengeleg for medlemmane, med mindre styret bestemmer noko anna i den enkelte saka.

### § 3.4 Arbeidsutval

Styret sin leiar og nestleiar utgjer Arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet arbeider etter instruks fastsett av styret.

### § 3.5 Signatur

DNT Sogn og Fjordane blir forplikta ved underskrift av leiar og styremedlem i styret i fellesskap. Leiaren eller nestleiareren forpliktar også DNT Sogn og Fjordane i fellesskap med to av dei andre styremedlemmane.

## § 4 MEDLEMSKONTINGENT

Medlemskontingent blir fastsett og kravd inn av DNT sentralt på vegner av DNT Sogn og Fjordane.

## § 5 VALKOMITEEN

### § 5.1 Samansetjing og val av valkomiteen

Valkomiteen består av leiar og to medlemmar. Medlemer i valnemnda vert valde for 3 år. 1. året som medlem, 2. året som nestleiar og 3. året som leiar.

### § 5.2 Valkomiteen sitt mynde og oppgåver

Valkomiteen skal leggje fram innstilling til val av styret. Årsmøtet fastset retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid.

## § 6 INHABILITET

Eit medlem av styret, valkomiteen eller organisasjonssekretær kan ikkje vere med på å behandle eller avgjere spørsmål der vedkommande eller dei næraste må reknast å ha ein klar personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Ved avgjerd om nokon er nærstående etter denne regelen, gjeld aksjelova sine reglar tilsvarende.

## § 7 HEIDERSTEKN

Styret kan tildele heidersteikn eller æresmedlemskap til personar som har gjort ein særskilt innsats for DNT Sogn og Fjordane. Styret kan peike ut eit utval som gjev innstilling til styret om æresmedlemmar og kandidatar til heidersteikn.

## § 8 BROT PÅ DNT SITT REGELVERK

Medlemmar i DNT Sogn og Fjordane som gjer grove brot mot DNT sitt etiske regelverk slik det er vedteke av DNT sine organ, kan få ei åtvaring, miste retten til tillitsverv eller miste retten til medlemskap i foreininga.

Styret kan behandle slike saker. Eit medlem som er ilagt sanksjonar som nemnt, kan bringe saka inn for

landsstyret eller domsutvalet for endeleg avgjerd i samsvar med DNT sine vedtekter § 12.2.

## **§ 9 OPPLØYSING AV MEDLEMSFOREINING**

DNT Sogn og Fjordane kan berre oppløysast dersom det blir vedteke på to påfølgjande ordinære årsmøte med 3/4 fleirtal av dei gitte stemmene.

Dersom medlemsforeininga blir oppløyst, skal foreininga sine midlar overførast til ein annan medlemsforeining eller til DNT sentralt.

## **§ 10 VEDTEKSENDRINGAR**

Vedtektene kan endrast ved vedtak på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Forslag om vedtektsndringar skal inn 2 månader før årsmøtedato. Vedtaksendingar skal vere oppført på sakslista og krev 2/3 fleirtal av dei gitte stemmene. Vedtektsendingane trer i kraft straks, om ikkje vedtaket seier noko anna.

\*\*\*

